


# På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, F.M. Ervik, S. Aadland



## BISKOPEN KJEM!

I slutten på november kjem biskopen på vitjing til Samnanger, han kjem på «visitas». Og dette er på ingen måte ei lett vint visitt. Når biskopen kjem på visitas er det ein del av jobben hans med å ha tilsyn med kyrkjelydane i bispedømet han har ansvar for. Det er ei lang liste over ting han ynskjer å ta del i på visitasen og kva innhald programmet skal ha.

Først kjem prosten innom på ein «kontorvisitas». Han skal sjå etter at kontorhaldet er i orden, kika i protokollar (og datalistar) og sjå til at kontortilhøva er tilfredstillande.

Tysdag 28. november kjem så biskopen saman med prosten og ein frå bispedømekontoret. I tre dagar skal dei reisa rundt i bygda og snakka med folk og ta del i ulike tilskipingar. Frå programmet:

### Tysdag 28.

- 9.00 Møte med tilsette
- 11.30 Vitjing på føremiddagstreffet i bedehuset
- 13.30 Møte med kommunen i biblioteket
- 18.00 Ungdomsgudsteneste på Haga  
Kveldsmat etterpå

### Onsdag 29.

- 9.00 Julevandring med 1. klasse på Ådland
- 10.00 Vitjing på Antons kulturhistoriske, Frøland
- 11.30 Andakt på Samnangerheimen
- 12.45 Middag og samling saman med Kompis, Haga
- 16.30 Møte med det frivillige kristne arbeidet i soknet, Sætervika
- 19.00 Møte med kyrkjestyre og tilsette

### Torsdag 30.

- 9.30 Spørjetime på ungdomsskulen
- 10.15 Møte med rektorar, inspektørar og lærarar
- 12.00 Møte med prestane i prostiet

**Søndag 3. desember** vert det «visitasgudsteneste» der både biskopen og prosten tek del. I etterkant vil biskopen halda eit visitasforedrag som i fylgje bispekontoret «oppsummerer inntrykk som visitasen har gjeve når det gjeld kyrkjelyden sitt åndelege liv og arbeid, og gjev synspunkt på arbeidet vidare.» Etterpå vert det kyrkjekaffi med festkaker i kyrkja på Haga.

Kyrkjekontoret held i desse dagar på å senda ut invitasjonar til ulike tiltak og me håpar at mange vil ta del i dei to gudstenestene som vert under visitasen. Ungdomsgudstenesta er ei gudsteneste med vanleg Haga-liturgi, som er open for alle. Det vert band og lovsongsteam som det brukar å vera i Haga-kyrkja. Ungdomar vil ta del og dei som gjer frivillige arbeid i kyrkjelyden vil verta særskild inviterte til både gudstenesta og kveldsmaten etterpå.

Visitasgudstenesta er meir fest og høgtid, med blåsarar på galleriet og orgelbrus! Me håpar på fullt hus både på den og på kyrkjekaffi-festen etterpå!



Biskop Halvor Nordhaug. Foto: Jostein Risa.

## KOMPISLEIR



21.-22.oktober var det leir for 10-åringane som går på Kompis. Dei var borte på ungdomsskulen, der dei leika i gymsalen, bada i bassenget, leika ute, baka og gjorde massa anna gøyt. Dei overnatta til og med i gymsalen til søndagen.

På biletet over har dei laga ein skikkeleg "tante floke".

Om søndagane var dei med på gudstenesta, der dei hadde forberedt eit dramastykke frå ein tekst i Bibelen.

Det er gøy på Kompisleir!



## UTDELING AV 4-ÅRSBOK



Søndag den 1.oktober var det Søndagsskulens dag med utdeling av 4-årsbok i kyrkja på Haga. Det var ei fullsett kyrkje og mange spente 4-åringar som venta på å få boka si. Barnekoret og King Sing var på plass med fin song og musikk, og Nils Arne Lavik held

ei fin og morosam andakt om lammet som hadde gått seg vill, og rota seg vekk både her og der, men den gode gjetaren fann han til slutt, og det blei stor fest. Etterpå var det kaker og masse anna godt til kyrkjekaffi.

### Frå kyrkjeboka



Gravlagde

31.10.

Ingeborg Olava Espelid